



Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/787 - 18/31070

Saksbehandlar:  
Hans Kristian Dolmen  
hans.kristian.dolmen@lindas.kommune.no

Dato:  
29.10.2018

## Reguleringsplan Eikefet - Urdal - plan ID 1263-201107 - Revidert plangrunnlag

Lindås kommune syner til pågåande arbeid med framlegg til endra reguleringsplan for Eikefet – Urdal, planID 1263-201107. Føremålet med planarbeidet er at tiltakshavar (Lindum AS) ønskjer å endra delar av planenområdet slik at ein kan leggje til rette for massedeponi med tilhøyrande anlegg. Framlegget til plan vert utarbeida av Multiconsult AS.

Arbeidet med endring av plan vart starta 15.3.2016 og handsama av planutvalet og godkjent for høyring og offentlig ettersyn 18.10.2017, sak 113/17. Innan høyringsfristen kom det innspel, mellom anna motsegn frå **NVE (ref: 201708756-2)** og merknad frå **Statens vegvesen (ref: 16/79192-11)** om at delar av grunnlag i plankartet ikkje var korrekt. Dei øvrige innspela er ikkje av vesentleg karakter.

1. Motsegn frå Noregs vassdrags- og energivesen (14.12.2017) er grunngeve i:
  - at ROS analyse ikkje er gjennomført med tilstrekkeleg kvalitet
  - at potensiell flaum- og skredfare ikkje er tilstrekkeleg utgreidd
  - at planen generelt opnar for inngrep i verna vassdrag som det ikkje er gjort greie for er naudsynt, og heller ikkje konsekvensvurdert i høve til ålmenne interesser i vassdrag
2. Merknad frå Statens vegvesen (15.11.2017)
  - Framlegget til plan syner ikkje dei vegtrasear som ligg i godkjent reguleringsplan for ny riksveg E39 Eikefet - Romarheim

### Nytt og utvida arbeid

Med bakgrunn i dei rammene motsegna sett er det gjennomført nytt grunnlagsarbeide knytt til ROS, herunder fornya skredfarevurdring, flaumkartlegging (vedlagt) og vurdering av behov for inngrep i verna vassdrag. Hovudtrekka og korleis ein meiner plandokumenta vert endra kjem fram i notat «Notat motsegn til plan», 12.9.2018 (vedlagt). I sum finn ein i utgangspunktet at plandokumenta (skildring, kart og føresegn) i liten grad har behov for å endrast etter at grunnlagsdokumenta og ROS-analyse er justert.

Når det gjeld plandokumenta utan om oppdaterte eller nye faglege vedlegg er det gjort mindre justeringar:



- **ROS-analyse**
  - er gjennomgått i høve til opdatert materiale knytt til flaum- og skredfare. Hending 1-4 i analysen er oppdatert, men ei har ikkje funne det naudsynt å endre plankartet
- **Plankartet**
  - er endra slik at planområde for reguleringsplan for ny riksveg E39 Eikefet – Romarheim er vist med arealføremålet «Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur», jfr pbl § 12-5 nr.2. I plankartet er areala synt som kombinert føremål med signatur «SAA» og sosi-kode 2900
- **Førsegner**
  - tar opp i seg arealet knytt til riksveg E39 Eikefet – Romarheim, sjå § 3.6
  - tar opp i seg tilhøve knytt til flaumfare, sjå § 7.4
  - noko tekst og nemningar er endra etter at planområdet for reguleringsplan E39 Eikefet –Romarheim vart teken inn
  - justert som nemnd i notat om motsegn
- **Planskildring**
  - justert som nemnd i notat om motsegn

### **Prosess og kommunen si vurdering**

Plandokumenta er i høve til høyringa endra i liten grad. I høve til dei kartleggingane som er gjort og justeringa av ROS er plankartet ikkje endra og førsegna berre justert. Når det gjeld tilhøvet til merknaden frå Statens vegvesen er plankartet for Eikefet-Urdal endra, men då med kjent og vedteken planmateriale som ikkje rører ved andre enn tiltakshavar og drivar i området.

Sjølv om plankartet inneheldt ein feil ved utsending på høyring og offentleg ettersyn knytt til veganlget og E39, ser me ikkje at det kan ha hadd vesentleg verknad for eller på innspela til naboar eller berørte partar elles. Statens vegvesen har gjort oss merksam på feilen og den er retta opp i tråd med gjeldande reguleringsplan for veganlegget (E39). Med den ramma meiner Lindås kommune det ikkje skal vere naudsynt å sende planmaterialet på ny høyring, men vert berre sendt direkte til Noregs vassdrags- og energivesen, Statens vegvesen og Fylkesmannen i Hordaland.

Med grunnlag i det arbeidet som er gjennomført ber Lindås kommune:

- om at NVE tek ny gjennomgang i saka, og er arbeidet fullnøyande ber me om at motsegn til framlegg til plan vert trekt
- at Statens vegvesen vurderar plankart, førsegn og planskildring i høve til gjeldande reguleringsplan for E39 i området
- at Fylkesmannen kan gje si samla uttale til saka

Med helsing

Frøydis Ones  
avdelingsleiar

Hans Kristian Dolmen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Regplan Eikefet Urdal Planskildring og KU 150618  
Regplan Eikefet Urdal Føresegner 310118  
Regplan Eikefet Urdal Plankart 150618  
Regplan Eikefet Urdal Notat Motsegn NVE 190918  
SAK Planutval 113-07 181017  
NVE - Motsegn Regplan Eikefet-Urdal 141217  
SVV - Uttale Regplan Eikefet - Urdal 151117  
Skredfarevurdring Eikefet-Urdal 100518  
Skredfare Vedlegg 1A - Fotobilag  
Skredfare Vedlegg 1B - Steinsprangsimuleringer  
Skredfare Vedlegg 1C - Faresonekart  
Skredfare Vedlegg 1D - Helningskart  
Flomsonekartlegging Eikefet-Urdal 030518  
Flomsone Vedlegg 1 - Flomberegning  
Flomsone Vedlegg 3 - Flomsonekart Eikefet-Urdal  
Regplan E39 Illustrasjon Eikefet 1  
Regplan E39 Illustrasjon Eikefet 2  
Regplan E39 Illustrasjon Eikefet 3

**Mottakrar:**

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER